


Kyrkje klokka

Nr 1 - 2022

Kyrkjeblad for Indre Nordfjord

86. årgang



Ikonet «Inntoget til Jerusalem» er måla av Solrunn Nes. (sjå s.2)

Se, vi går opp til Jerusalem.
Hvem deler vår Herres smerte?
Hvem våker med Jesus i verdens natt
og bærer hans sorg i sitt hjerte?

Se, vi går opp til Jerusalem,
til byen med glans og ære,
for Frelseren sa oss at der han er,
skal vi ved hans nåde få være.

(NOS nr 117, vers 2 og 4)

«Inntoget i Jerusalem»

«Årane inn» i
Kyrkjeringen?

SKRUK i
Oppstryn kyrke

Påmelding til
trusopplæring

Kor-pioner 90 år

Konfirmant-
bilete fra 2021

Leirinformasjon

Konfirmant-
jubileum

Misjon i
Mali og Etiopia

Den gamle alter-
tavla i Nedstry

Jul i Innvik kyrkje

Barnesider

Min salme

Liturgisk hjørne

Kyrkje-
statistikken

Tankar langs
vegen

Vigsler på dagen
22022022

Oddny under
open himmel

Bispevisitas
-melding og
program

Andre faste
postar

Fastetid og palmesøndag - og ikonet: «Inntoget i Jerusalem»

Framsidebiletet er denne gangen eit ikon, laga av ikonkunstnaren Solrunn Nes frå Norheimsund, - kunstnar og kunsthistorikar med bysantinsk kunst som spesialområde. Ho er utdanna innan gresk og russisk ikonkunst og har hatt utstillingar i en rekke land – og i Stryn.



Ikon betyr bilet og sidan det har ein kyrkjeleg funksjon, kallar grekarane ikon for "heilage bilet".

Ikonet opptrer aldri i kraft av seg sjølv. Det kan ikje stå åleine som kunstverk, men har ein åndeleg dimensjon som er ein del av den religiøse praksisen. Den ortodokse kyrkja sin tradisjonen sidestiller ord og bilette. Forkynninga uttrykkjer ein gjennom orda medan eit ikon uttrykkjer den rette læra gjennom det vi ser.

Altså har ikonet ein forkynnande funksjon.

Ikonet sin tittel er «Inntoget i Jerusalem» og er eit ikon som hører til i gruppa «festdagsikona».

Motivet er lett å kjenne att, med palmegreinene og folket, med Peter og Johannes på kvar si side av Kristus på eselet og den stiliserte byen Jerusalem i bakgrunnen. Vi ser at Jesus har med seg skriftrullen og han velsignar folket.

Palmegreiner i hendene er symbolet for siger og ein gut kjem springande og breier ut ein kjortel. I bysantinsk kunst vert denne symbolske handlinga berre utført av born og skildrar utpeikinga av ein konge. Det er ikkje vanskeleg å knyte denne symbolikken til Jesu ord: *"Den som ikkje tek imot Guds rike som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det"* (Mark 10, 15).

Journalist Rolf Tofte i Bergens Tidende spurde Solrunn Nes ein gong i eit intervju: «Føler du deg som en slags evangelist?» Til dette svara ho: «Ordet evangelist kan jo gi forskjellige assosiasjoner, men hvis en evangelist også er en person som har tro på det budskapet han formidler, så kan det vel kanskje være dekkende. Jeg har erfart at dette er noe som til de grader gir livet innhold, og det er blitt en understrøm i alt det jeg driver med. Tilværelsen er så mye større enn meg som enkeltperson eller enn meninger som enkelte grupper måtte ha. Alt dette blir på en måte uinteressant når vi møter ting som peker mot det store mysteriet – Kristus».

Det kjennest litt underleg å presentere ortodoks kyrkjekunst medan krigshandlingane pågår i Ukraina. Det har også ei tid vore kyrkjestrid mellom den russiske og den ukrainske ortodokse kyrkja.

Vi ber om fred.

Kyrkjeklokka

Les Kyrkjeklokka på nettet: www.kyrkjeklokka.no

Bladet vert sendt til alle husstandar i Hornindal sokn og sokna i Stryn kommune

Redaktør for dette nummeret er: Jarle Hessevik

Til ettertanke:

Kyrkjefaderen Johannes Cassianus (ca 365 - ca 435), meiner «Inntoget til Jerusalem» kan tolkast på fire ulike plan.

1. Det bokstavelege planet. Ikonet viser til sjølve den historiske hendinga, - at Kristus reid inn i den jødiske hovudstaden Jerusalem og vart hylla som konge av folkemengda nokre dagar før han vart krossfest.
2. Det billedlege planet. Jerusalem representerer Kyrkja som Kristus stifta i og med at han døydde og stod opp att, - og som han sameinar seg med gjennom ord og sakrament i kvar gudsteneste.
3. Det moralske planet. Jerusalem som bilde på det enkelte mennesket si sjel, som tek imot Kristus på ein åndeleg måte.
4. Det opphøgde og skjulte planet: Jerusalem som den evige bustaden i den komande verda - det himmelske Jerusalem som Guds fullkomne rike.

Kyrkjeklokka er takksam for at vi har fått løyve til å trykke framsidebiletet.

Det teoretiske materialet er henta frå boka «Mysteriets språk» og lagt til rette for lesarane av Jarle Hessevik.

Forretningsførar, abonnement/adresseendring:
John Selmer Skiftevik Rindane 6, 6788 Olden.
Tlf 990 28 076
john.skiftevik@enivest.net

Bankgiro 0538 18 51054
Bankgiro 3795 30 05108

Kontingenten er frivillig.
Vi takkar for betaling og støtte.

Kyrkjeringen i Nedstryn – «Årane inn»?

I 2014 skreiv Kyrkjeklokka ein artikkel om det viktige arbeidet som Kyrkjeringen har gjort for kyrkjelydsarbeidet i lang tid, heilt frå starten i 1979.

Det har vore strikka og baka, snekra og sylta, og på laurdag før 1. søndag i advent har folk samla seg i Betania for å sikre seg julegåver og julestemning. Kvart år har underteikna ete laurdagsfrukosten sin der.

Vi siterte frå oppstarten, der Helma Krumsvik skreiv i referatet: «*Mange fant interesse i å være med på denne (kyrkjeringen), både for å skape noe, for å være saman med andre, og ikke minst for å støtte en meget god sak, nemlig kyrkjelydsarbeidet.*»

Solveig Rønne har leia arbeidet sidan 1995 og Svein Rønne har ropt opp vinnarlodd og sagt «Årane inn». År etter år. No får dette eit nytt innhald, når Nedstryn sokneråd har fått melding om at Kyrkjeringen, i si gamle form, vert nedlagd. «**Årane inn**» - og vi må respektere at medarbeidarar som har stått på over lang tid, finn å måtte gje seg. Så difor seier vi ei djup og inderleg takk til dei som har leia Kyrkjeringen alle desse åra, skapt eit miljø rundt arbeidet og skaffa kyrkjelyden så sterkt økonomisk støtte. Tusen hjarteleg takk!

Linda Eide har eit munnhell: «.. men som vi alle veit, er siste ord aldri sagt». Det håpar Nedstryn sokneråd også kan vere startskotet for ein ny giv, finne nye måtar for arbeidet og finne nye medarbeidarar som vil ta eit tak for kyrkjelydsarbeidet.

Pandemien la ein effektiv dempar på aktivitetene i 2020, men i 2021 var det igjen fullt hus på Betania laurdag før 1. søndag i advent. Då var det kyrkjelydsbasar, med loddosal, åresal, matsal og jammen var der nokre

*Stryn Barnekor har vore fast innslag på julemassa.
Dei var på basaren i år og kjem nok att seinare år.
Foto: Nina Ytreeide*



Frå basaren 2021: Støttespelarar gjennom mange år vil gjerne vere med. Her sit Oddlaug Flo og Anne Margrete Tonning i loddbuas.

Foto: Margaret V. Flo

varer til sals også. Det var så kjekt og dette er vi berre nøydde til å halde fram med.

Nedstryn sokneråd «arbeider med saka». Om det blir ein rein basar eller om det blir ein kombinasjon med litt salsmesse, vil tida vise. Men når/dersom soknerådet spør deg om å vere med å halde denne tradisjonen oppe, så håpar eg du seier ja. Kyrkjelyden treng deg, trusopplæringa og barne- og ungdomsarbeidet treng økonomisk støtte og vi er mange som kan ta eit tak.

Dette er skrive på oppmading frå Nedstryn sokneråd.
Jarle Hessevik.

Julemesse får vi til om vi løfter i flokk.
Nye krefter kan ta eit tak og dei trufaste
eldsjelene kan framleis vere med og bere dette viktige
arbeidet vidare.
Vil du vere med så send ei melding eller ta ein telefon
til **Margaret Venøy Flo./Nedstryn sokneråd.**

SKRUK på besøk i Oppstryn kyrkje



Koret SKRUK er ute på ny konsertturné, og Oppstryn kyrkje var så heldig å vere ein av dei utvalde stadane. SKRUK (Sunnmøre kristelege ungdomskor) nærmar seg 50 år, og Per Oddvar (Prots) Hildre har vore dirigent sidan starten, og var initiativtakar til koret. Dei 50 songarane er frå heile landet.

Konserten hadde eit variert repertoar som vart framført akustisk, og Prots batt det heile saman med ulike historier frå nærområdet Volda til ein syriakisk kyrkjelyd i Tyrkia mot grensa til Syria der dei framleis brukar språket gammalsyriakisk. Det var framføring av bl.a. Fadervår på syriakisk, motett,



DEN NORSKE KYRKJA

Stryn kyrkjelege fellesråd

Kyrkjeverja

Personalnytt i Stryn kyrkjelege fellesråd

I løpet av 2021 har tre fast tilsette medarbeidrarar blitt pensjonistar:

Einar Åbrekk har slutta som sekretær for Olden sokneråd.

Gerd B. Hopland har slutta som reinhaldar i Randabygd kyrkje.

Anitha Kvamme har sagt opp fast stilling som organist i Randabygd kyrkje, men ho vil heldigvis halde fram som vikar inntil vidare, sidan det førebels ikkje er tilsett ny organist.

Gerd og Anitha fekk overrakt synleg takk under basargudsstenesta i Rand grändahus før jul. Einar vil bli takka for sin innsats under årsmøtet i Olden kyrkjelyd.

Fellesrådet takkar for trufast og vel utført teneste!

Ny sekretær i Olden sokneråd

Vi er glade for at Elise Sandøy Skarstein har sagt ja til å vere sekretær (6%) for Olden sokneråd, og ho er alt godt i gong med jobben. Elise er oldar og jobbar til dagleg på kontoret hos transportbedriften Thermo Partner i Stryn. Mange kjenner henne nok frå musikklivet, ho er ein habil musikar med euphonium som hovudinstrument, og har ved fleire høve vore solist i kyrkja. I tillegg til å spele i fleire korps er ho også dirigent for Olden hornmusikk. Soknerådssekretæren er ein god støttespelar for soknerådet, særleg leiaren, og gjer saksførebuing, skriv møtereferat og følgjer opp ein del saker etter møta. Vi ynskjer Elise velkoma i kyrkjestaben!



Foto: Privat

K.S.M.



Kyrkja i indre Nordfjord



Stryn kyrkjecontor

Tlf 57 87 61 80

Postadresse: Tonningsgata 4, 6783 Stryn

Besøksadresse: Rognehaugen 11

kyrkja@stryn.kommune.no

www.stryn.kyrkja.no

Kontortid: måndag, onsdag, torsdag og fredag kl 09.00 - 15.00, tysdag kl 10.00 - 15.00

Kyrkjeverje Kari Synnøve Muri. tlf 913 27 882

kari.muri@stryn.kommune.no

Sekretær Margrete Lillestøl

Sekretær Anne L. Honningsvåg

Prestane

For Oppstryn, Loen og Nedstry

Sokneprest Henny Koppen, tlf 916 01 630

henny.koppen@stryn.kommune.no

For Randabygd og Nordsida

Sokneprest Hege Høibye, tlf 930 01 473

hege.hoibye@stryn.kommune.no

For Utvik, Innvik og Olden

Sokneprest Harald Runde, tlf 911 84 241

runde.harald@gmail.com

Trusopplæringa

Kateket Beate Nes

beate.nes@stryn.kommune.no

Kyrkjelydsmedspedagog Martine Bø Solbakken
martine.bo.solbakken@stryn.kommune.no

Trusopplærarar

Guro Petronella Nordnæs-Enerhaug

guro.enerhaug@stryn.kommune.no

Volda kyrkjecontor

Tlf 70 07 40 90

Rådhusgata 6a, 6100 Volda

kyrkjecontoret@volda.kyrkja.no

www.volda.kyrkja.no

Kontortid: Må, ty, to og fre kl. 10.00 – 14.00
onsd kl 10:30 – 14:00

Kyrkjeverje Jostein Stråbø, tlf 916 63 549

kyrkjeverja@volda.kyrkja.no

Hornindal sokn

Per Kristian Hovden Sætre, tlf 957 69 292

per.kristian.hovden.satre@volda.kyrkja.no



Trusopplæring: Får ikkje barnet ditt invitasjon? Då kan du abonnere på trusopplæringstilbod!

Er du forelder/føresett til eit barn som ikkje får invitasjon til samlingar i kyrkja? Då er nok barnet ditt ikkje døypt hos oss. Kunne du likevel tenke deg å få invitasjon til dei ulike trusopplæringssamlingane, som f.eks. 4-årsbok, Førsteklassesgudsteneste, Tårnagent, Lys Vaken og konfirmasjon?

Då kan du abonnere på invitasjonar til trusopplæringstiltak og aktivitetar. Finn ut kva dette går ut på, og korleis du ordnar det ved å lese denne artikkelen.

Når vi inviterer til trusopplæringsaktivitetar og tiltak i Den norske kyrkja, sender vi brev til alle medlemmar (alle som er døypt i DNK) og som vi difor automatiskt har adressa til i våre register. Om eit barn ikkje er medlem, er det likevel mogleg å få invitasjonar til dei same tilboda, men då må vi få vite om det.

Foreldre/føresette kan logge seg inn via id-porten på kirken.no/minside og opprette eit abonnement på trusopplæring. Då vil barnet få invitasjon til å delta på ulike arrangement/aktivitetar tilpassa alderen.

Sjå kirken.no/minside



MIN SIDE – MEDLEMSKAP I DEN NORSKE KIRKE

Logg inn gjennom ID-porten for Min side. På Min side kan du blant annet se eller endre medlemskapet ditt, og som medlem kan du velge om du ønsker å motta informasjon om arrangementer for barna dine.

[Logg inn - bokmål](#)


[Logg inn - nynorsk](#)

Nettsida skal no vere utforma slik at også dei som ikkje er medlemmar av DNK, skal kunne melde på sine barn til trusopplæring.

Som alltid vil vi minne om at våre trusopplæringstiltak er opne for alle barn, uavhengig av medlemskap. Hjelp oss med å dele informasjonen vidare, så vi når ut til alle. Det er så trist å finne ut etterpå at det er born som ville ha vore med, berre dei visste om det.

Foreldre/føresette til barn døypt i Den norske kyrkje treng ikkje å foreta seg noko i forhold til invitasjonar/abonnement.

Helsing frå trusopplærarane og sokneråda i Stryn v./Beate kateket



STØRST AV ALT
TRUSOPPLÆRING I DEN NORSKE KYRKJA



Tankar langs vegen ...



Tankar langs vegen - ved Henny Koppen

Rett til å tru

Luhansk – eg tippar Kyrkjeklokka sine lesarar ser for seg eit uroleg område langt aust i Ukraina, der russarane akkurat no held på å ta makta. I åtte år har det vore ufred i området, og vi er alle spente på framtida.

Luhansk – for meg var det området der Strynespeidarane hadde ei vennskapspatrulje på 1990-talet. Sidan 1995 var det jentespeidarar i Ukraina, og i 1997 møtte eg jenter frå 18 ulike grupper på ein landsleir på ei øy i elva Dnjepr, like ved hovudstaden Kyiv. Gruppa frå Luhansk skulle bli «mi» gruppe, og i løpet av leiren etablerte vi kontakt som la grunnlaget for ei brevveksling med speidarar frå Stryn i fleire år framover.

På denne leiren delte vi ut barnebiblar. Alle leirdeltakaren fekk kvar sin. Det var populære bøker. Alt før vi forlét hotellet i Kyiv forsvann åtte biblar. To av dei såg vi att hos vaskepersonalet. Også på leiren vart biblane mottekne med takk, sjølv om jentene hadde ulikt forhold til denne boka. På skulen hadde dei lært at dette er eventyr, men likevel fanst der kristne menneske som hadde levd med ei tru heile livet. Det var nokså sterkt for meg å møte kristne kvinner som lytta med tårer i augene når eg fortalte om korleis born i Norge får opplæring i kristendom på skulen, at alle born eig sitt eige nytestamente og at det finst søndagsskular og kristent barnearbeid i mest alle bygder. På leiren fekk alle jentene bruke bibelen sin, i eit lysspor med bibelord og på ei vandregudsteneste der dei fekk dramatisere bibelforteljingar og formulere sin eigne bøner. Alle var nok ikkje like interesserte, men vi fekk høyre utsegner som: «Vi følte det var englar iblant oss» og «Vi er så takksame for at de kom!»

Frå 1994 til 2010 var det jamt kontakt mellom Norge og Ukraina, mange norske jenter reiste austover og heldt kurs og deltok på leiarar. Fleire gonger var jenter frå Stryn i Ukraina, og vi hadde besøk frå dei her i Stryn. Men så sa Norge opp vennskapsavtalen med landet, og sidan stilna kontakten. Men i desse dagar

dukka tankane på desse jentene opp igjen. Korleis har det gått? Korleis har dei det i Luhansk for tida? Vil det vere lov å vere speidar i framtida? Korleis gjekk det med målsettinga om å vere sjølvstendige og samfunnsnyttige jenter med ansvar for eigne liv? Korleis gjekk det med spiren av kristen tru?

Det vi veit er at det framleis blir spurt etter Biblar i Ukraina, og gjerne lettlesne barnebiblar. På bibeldagen som den norske bibelselskap sto for midt i februar vart det fokusert nettopp på Ukraina og behovet for biblar til dette landet. For der er noko i denne boka som gir folk håp for livet og framtida, også for folket i Luhansk, får vi tru.

Verdiane til speidararbeidet: kristen tru, fellesskap, friluftsliv, personleg utvikling og samfunnsengasjement.

Ny prost i Nordfjord

Mari Saltkjel er tilsett som ny prost i Nordfjord. Vi kjenner Mari frå den tida ho var sokneprest i Hornindal, Nordsida og Randabygd. Ho har i mellomtida vore sokneprest i Vågsøy.

Vi vil gratulere Mari og ønskjer Guds signing over eit viktig arbeid i kyrkja vår.



Foto: Svanhild Breidalen/Fjordenes Tidende

Konfirmantjubileum i Innvik kyrkje hausten 2021

Sokneråda i dei ulike bygdene i Indre Nordfjord har ein fin tradisjon. Kvar haust ber dei inn 50 , 60, 70 års konfirmantar til jubileums treff.

Hausten 2020 måtte denne samlinga gå ut på grunn av koronapandemien. Treffet vart utsett eitt år.

Ein fin søndag med sol og varme i september 2021 møttest dei som var konfirmerte i 1951, 60 og 61, 70 og 71 i Innvik kyrkje.



Mange var samla til ei fin gudsteneste der sokneprest Harald Runde var liturg. Etter gudstenesta var det samling på Innvik Fjordhotell. Den vart leia av Dag Vangen. Hotellet serverte nydeleg sosekjøt, dessert og bløtkake. Etter middagen vart det tid til ei hyggeleg mimrestund. Mange av jubilantane tok ordet og gjorde dagen til eit godt minne. Latteren stod i taket fleire gonger. Konfirmasjonstida kom på nytt nær, sjølv om det hadde gått mange år.

Takk til hotellet for god servering, takk til Harald Runde og sokneprest i Innvik og Utvik for ein strålende dag.

*Tekst: Ruth Torheim
Foto: Per Ove Reme*

Frå venstre:

Reidun Nesdal Egge, Per Kjøllesdal, Dagmar Hilde, Atle Åland, Jan Paulen, Kari Bergh (70 års konf), Britt Åse Reme og sokneprest Harald Runde.

Første rad fra venstre:

Bjørn O. Føre, Reidar Rauset, Jon R. Nesdal, Bjarne Svarstad, Jan E Nesdal, Turid Hage, Rasmus Berge og sokneprest Harald Runde.

Andre rad fra venstre:

Jarle Åberg, Ruth Torheim, Kari Myklebust Bergheim, Ingegjerd Ulvedal, Elisabet Hage, Bergljot Tisthamar, Kjellaug Skåden og Ivar Heggdal.

Første rad fra venstre:

Joar Hilde, Gunnar Nygjerd, Jostein B Hilde, Oddlaug Bruland Osmundsvåg, Ingunn Skåden, Oddny Nygård og sokneprest Harald Runde.

Andre rad fra venstre:

Oddvar Frøyset, Kjell Tisthamar, Bjørn Skarstein, Leif Sølvberg, Leiv Tisthamar, Lars Bergset, Anne Marie Sandal og Yngve Almenning.

Sommarleirar hos KFUK-KFUM Nesholmen

Barneleir, 1. til 4. klasse: 17. - 19. juni.

Pris: 950 kr (- søskjenmoderasjon og medlemsrabatt)

<https://kfuk-kfum.no/aktiviteter/event-id-34824>

Aktivitetsleir, 4. til 7. klasse: 20. - 22. juni

Pris: 1100 kr (- søskjenmoderasjon og medlemsrabatt)

<https://kfuk-kfum.no/aktiviteter/event-id-34825>

Gamingleir, ungdomstrinnet og vgs: 22. - 24. juni.

Prisar ikkje klare enno. Meir infor seinare.

Surfeleir i Hoddevika, frå 15 år: 20. - 22. mai 2022

Pris 1000 kr (- medlemsrabatt)

<https://kfuk-kfum.no/aktiviteter/event-id-34727>



All informasjon og påmelding ligg bak QR-koden til venstre.
Eller gå til:
<https://sites.google.com/kfuk-kfum.no/leir-nesholmen-2022/start>

Ta ev. kontakt med: Dagleg leiar Stein Robert Osdal,
e-post: stein.robert.osdal@kfuk-kfum.no eller mobil: 48140955

Merk: Så langt er det ikkje lagt ut informasjon om sommarleirar på Fjordly. (sjå omtale av «vårleir» annan stad)

22022022

På denne spesiell datoен inviterte kyrkja i Indre Nordfjord til «drop-in»-vigsle i Nedstryn kyrkje.

3 par valde å inngå ekteskap på denne spesielle dagen og dei pene «brudestolane» i Nedstryn vart flitteg nytta på ein litt uvanleg tysdag.

Sokneprestane Henny Koppen og Hege Høibye forretta ved vigslene og eitt av para, som vart intervjua i Fjordingen, sa:
«Vi gjekk inn til ordentleg klassisk bryllaupsmusikk, spelt av organisten, og vi sat saman med borna våre framme med presten. Presten heldt tale, og ho song til oss, og vi gjekk ut til flott musikk på piano og tromme. Så det vart verkeleg verdig og fint, og over vår forventning. Vi er veldig takksame for kyrkja så hadde laga det så fint til!»

Talet 22022022 er både eit **palindrom** - kan lesast likt begge vegar, og eit **ambigram** - kan lesast likt opp-ned, dersom ein nyttar rette skriftypen, som t.d. på ein kalkulator.

Det er ikkje så ofte eit slikt tal stemmer med datoformatet.



Bildet av stolane er teke av Margaret V. Flo, ein av dei gode hjelparane under vigslene.

Fasteaksjonen:

En drope vatn gjev håp i tørken

Tenner håp:

Takondwa Phanga er agronom og brukar yrket sitt til å få bønder i Malawi ut av fattigdom.

Av:

Anette Torjusen

Foto:

Håvard Bjelland

(Kirkens Nødhjelp)



Alt Takondwa Phanga (26) tar i spirar og gror, og det går gjetord om den flinke agronomen i mils omkrins. Sjølv har han berre eit mål og det er å dele raust med kunnskapen sin, slik at småbønder kan kome seg ut av fattigdom og svolt.

Tørke skaper akutt svoltkrise for millionar av menneske kvar einaste dag.

Eit håp kan byrje med ein drope vatn. Det kan gje ei framtid utan svolt, fattigdom og konflikt. Vatn kan endre eit liv, ein landsby og eit land. Vatn er livsviktig. Ein av dei som ser det kvar einaste dag er agronom Tan-kondwa Phanga.

Vi er i landsbyen Chingagwe i Malawi, der tolv småbønder får opplæring i moderne jordbruk.

– Her hjelper eg småbønder med å få høgare kvalitet på avlingane sine slik at dei kan hauste meir og samstundes auke inntektene sine, fortel han.

Prosjektet starta i desember 2020, og allereie eit år seinare har bøndene tredobla inntektene sine. Sjølv gjev han opp-læring i 17 område.

Målet er å få småbønder ut av fattigdom og svolt, samstundes som dei utviklar seg som bønder. I Malawi lever 80 prosent

av landbruk, og så mange som fire millionar menneske manglar tilgang til vatn.

Dei tolv bøndene vi møter i dag, har investert i eit sett med kvalitetsfrø, eit vatningssystem og gjødsel. I tillegg lærer dei seg gode metodar for å utvikle jordbruks-sitt.

– Jobben min er perfekt for meg. Lidenskapen min er å hjelpe bønder til å utvikle seg slik at dei kan få betre resultat. Gjennom jobben min kan eg vere med på å gjere ein forskjell.

Det tradisjonelle jordbrukskulturen skaper stort press på både jorda og vassressursane. Dei moderne jordbruks-metodane, som gjev større og sikrare avlingar på mindre areal og brukar mindre vatn, er utilgjengelege for



KIRKENS NØDHJELP
actalliance



Nye metodar:
Agronomen har ansvar for 17 område med 12 bønder i kvart område. Han lærer dei om nye metodar og korleis ein får mest ut av grønsakåkeren sin.

småbønder i verdas fattigaste land. Både irrigasjonsutstyr, frø og kunstgjødsel blir berre selde i store kvanta. Bøndene manglar utdanning og dei færraste har råd til å investere.

Bønder som brukar moderne jordbrukssteknologi, slepp å hente vatn i brønnar og elver. I staden for fyller dei ei bøtte med vatn, som er kopla til to slangar. Slangane har små hol, slik at vatnet piplar ut og gjev ei jamn vatning av grønsakene. Bøndene kjøper seg ei startpakke som består av kvalitetsfrø, eit irrigasjonssett og gjødsel. Eit slikt sett kostar rundt 100 kroner. Før måtte dei hente vatn fleire gongar om dagen slik at plantene fekk nok vatn. Takka vere irrigasjonssystemet, får plantene vatnet dei treng.

Ofte kan det vere trøngt om plassen i landsbyar og hagar, difor er også plassutnytting eit viktig tema Phanga lærer bort. I staden for å plante ei rad med tomatar, brukar dei same plassen til å dyrke to rader. I tillegg får bøndene ei innføring i kva grønsaker som eignar seg best å dyrke og korleis dei best bør lagrast slik at dei kan auke inntektene sine.

– Bøndene som er med i prosjektet har tent nok til å kjøpe seg ein hønsegard, skoleuniformer eller sende barna på skole. Dei har også nok mat til heile familien. I tillegg kan vi sjå at dei kjøper meir land og på den måten utvidar jordbruksarealet sitt, forklarer han.

Etter at bøndene vart med i prosjektet, kan agronomen sjå stor forskjell i liva til folk.

– Bøndene og familiene deira har no enkel og føreseileg tilgang til grønsaker. Dei har auka inntektene sine og dei investerer vidare. Før hadde dei kanskje ingen eller lite pengar. No har dei ei stabil inntekt, som syter for næringsrik mat på bordet kvar einaste dag.

Denne endringa gjer at han har tru på framtida.

– Målet mitt er å få andre til å sjå korleis dei sjølv kan endre liva sine. Som nyutdanna håpa eg at eg skulle få oppfylt draumen min om å jobbe i Kyrkjas Nødhjelp. No gjer eg det, og det gjer meg glad og takksam. Måten Kyrkjas Nødhjelp jobbar med lokalsamfunn på, er riktig og viktig. Eg er veldig stolt over at eg får vere med på å forandre verda.



Kom det ikkje bøsseberar på døra i år?
Du kan likevel gje til fasteaksjonen ved å gå inn på:
<https://www.fasteaksjonen.no/om-fasteaksjonen/>

Bli med og bidra

kr 100,-

kr 250,-

kr 500,-

kr 750,-

Velg beløp



«Syng jula inn» i Innvik kyrkje

Over: Barnekoret, leia av Sølvi Håøy Nygård

T.H.: Vikane Blåst – ei siste øving på kyrkjetrappa før konserten.


«Å synge jula inn» har lange tradisjonar i Innvik. Ein kveld i adventstida er det samling i kyrkja, med konserter frå kor og korps, og allsong av julesongar. Med nødvendige smittevern-tiltak gjekk det denne gongen òg.

I kveldinga søndag 12. desember var det konsert, der eit hundretals frammótt fekk ei vakker oppleving – med Vikane Blandakor, leia av Erling Briksdal, og eit barnekor, leia av Sølvi Nygård, med hjelp av Ragnhild Vambeset – i samsong, og kvar for seg. Barn frå barnekoret kveikte adventslysa, med eigen deklamasjon av advents-songen «No tenner vi det første lys». Det var allsong, der Erling akkompagnerte på piano.

Vikane Blåst spelte frå galleriet. Mot slutten av «samlinga» flytta dei seg opp i kyrkjetårnet, der dei spelte postludium, og heldt fram med «Tonar frå Tårnet», medan «vi hine» fann vegen til parkeringsplassen. Der brann det lystig i innlånte bålpanner, og det var råd å kjøpe gløgg, kaffi og kanelbollar.

Ein hyggeleg kveld, der til og med veret var på vår side, og ei verdig innleiing til julehøgtida.

Tekst og foto:
Torill Bennæs



Ruth Torheim nyt varmen frå bålpanna.



Altertavla i Nedstryn kyrkje

Tekst og foto: Jarle Hessevik



Noverande Nedstryn kyrkje vart bygd i 1859 og den første «tavla» i kyrkja var ein forgylt kross som stod på alteret. Denne er no komen opp på veggen i kyrkja. Seinare fekk kyrkja ei tavle måla av Ferdinand Tranås, og denne skal vi presentere seinare.

Tavla som no står i kyrkja, kjem opphavleg frå ei tidlegare kyrkje. Ho vart truleg funnen for simpel og vart ikkje sett opp att i den nye kyrkja. Sokneprest Erik-sen kom til Stryn i 1931 og ivra sterkt for at den gamle tavla skulle kome ned frå loftet. Etter sterke usemje i kyrkjelyden vart det halde soknemøte der det vart vedteke at ho skulle setjast opp på prøve til 75-årsjubileet i 1934. Ho står der framleis og folk meiner nok det er heilt greitt.

Altertavla er frå ca. 1610 og er ei tavle med alter-skap. Sidefløyene kunne svingast inn og dermed kunne dei late att skapet. Det er nok ikkje tilrådeleg å prøve no utan restaurering. Frå først av var dette ei katekis-metavle med tekstar. Dette var vanleg etter reformasjonen, men seinare kom biletta tilbake og den gamle tavla vart over-måla i 1801 med dei motiva som no er.

Ein kan så vidt skimte teksten, særleg i dei lyseblå felta på sidefløyene, men det er uråd å lese kva der ein gong var skrive. Tekstane var gjerne bibeltekstar, fadervår eller frå katekisma.

Tavla vart laga, eller kanskje gjeven, til kyrkja av Elling Jacobson og Klement Olafssøn (1610). Namna står skrivne på baksida av tavla.

Johan Carl Christian Michaelsen og Renhoff Casper-sen Tonning har måla tavla slik ho er no. Signaturane og årstalet 1801 er skrive i overkant av hovudmotivet.

Hovudmotivet er frå nattverden. Ein kan sjå at motivet har eit slags omvendt perspektiv der det som er lengst vekke, blir størst og dermed framheva. Dette er kjent frå renessansekunst og bysantinsk kunst, og vi finn det i ikonkunsten. Til venstre står Moses med lov-tavlene og til høgre står døyparen Johannes i si «kamelhårskappe».

Motivet på toppen er frå Jesu dåp.

Kjelde: Nedstryn kyrkje 150 år

Min salme

- Berit Fure

Dagsens auga sloknar ut

Tante Inger miste språket til slutt, men salmar kunne ho likevel syngje.

Ho var i sitt 93. år. Dei siste par åra kjende ho meg ikkje att når eg vitja henne på sjukeheimen i Selje, men når eg sa at eg var dotter til bror hennar, Aslak, aksepterte ho det.

Det siste halvåret vart det vanskeleg for henne å snakke. Ho lo då eg vitja henne i påska og fortalte gamle historier frå Ytre-Fure, men streva med å finne orda då ho ville utfylle historiene.

På slutten av besøket føreslo eg at vi kunne syngje eit par påskesalmar. Ho nikka. Eg var budd på å måtte syngje åleine, då eg stemde i «Å salige stund uten like». Til mi store undring hørerde eg tante Inger syngje med. Klart og tydeleg. Ho hugsa teksten utanåt og hadde plutselig ingen vanskår med å formulere orda.

Det same gjentok seg ein av dagane før 17. mai. Det var blitt endå vanskelegare for henne å snakke, men fedrelandssalmane song ho utan problem. For eit mirakel han er, denne menneskehjernen!

Tante Inger vaks opp i ein søskenkflokk på ti på garden Ytre-Fure, ytterst på Stad, der Sildegapet opnar seg mot storhavet. Det blir sagt at far hennar, min bestefar Peder, song same kva han heldt på med. Ein av salmane han var svært glad i, var «Dagsens auge sloknar ut».

I sommar vart tante Inger akutt dårleg. Vi var fleire som bytte på å sitje hos henne. Dette var første gong eg skulle sitje hos eit menneske som låg på det siste. Eg var spent på kva som venta meg, men det var ingen ting å frykte. Tante Inger låg fredeleg, i ein døs.

Det var ikkje råd å få kontakt med henne, men kven veit, tenkte eg, kanskje oppfatta ho salmesong likevel?

Så eg tørka tårene, opna salmeboka og song meg gjennom mange av dei salmane som eg visste ho var oppvaksen med.

Og endå ein gong opplevde eg, at i situasjonar der eg sjølv manglar ord og verken veit kva eg skal be eller seie, finn eg sanning, livsvisdom og trøyst i salmeboka.

«Dagsens auge sloknar ut» var ein av salmane eg song fleire gonger. Det er ein salme full av fred, skriven av Elias Blix i 1891.



På salmebloggen.no blir det kommentert at Elias Blix brukte positive symbol når han skreiv om døden i dei siste salmane sine. Vel er det skugge, mørker og natt, men desse kreftene får ikkje lov til å dominere.

Eg såg barndomsheimen til tante Inger føre meg, ved foten av eit fjell, ytst i havet, då eg song første verset:

*Dagsens auga sloknar ut, kveldsol ned i vestre glader.
Skuggen stig frå dal til nut, mørkret sigrar alle stader.
Jesus, hjartans sol og skatt, Jesus, ver mitt ljos i natt!*

Å vekse opp på Ytre-Fure var stridt. Barna måtte tidleg lære seg å arbeide. Men dei var del av eit sterkt fellesskap, og dei hadde ein far som song salmar når dei la seg om kvelden. Då kunne dei sove trygt.

*Kvar ei kveldstund når eg fer etter dagsens strid til kvila,
ver meg med din nåde nær, lat di åsyn til meg smila!
Lat du mildt mitt auga att! Jesus, ver mitt ljos i natt!*

*Lys du over meg din fred, Jesus, ver mi sol og stjerna!
Livssol, som går aldri ned,
meg mot mørkers hugskot verna!
Stjerna, over huset statt! Jesus, ver mitt ljos i natt!*

Slik Salme 23 i Bibelen gir håp og trøyst med orda om at Jesus er med, også i dødsskuggens dal, gir den gamle Blix-salmen håp.

Jesus er med i dødens natt. Og han tek oss imot med utstrekte hender i lyset på den andre sida.

*Når mi livssol sig i hav, og eg under mold skal sova, lys
meg då igjennom grav! Så eg skal i ljos deg lova.
Du som mørkers makter batt, Jesus, lys i daudens natt!*

Eg utfordrar Solrunn Aabrek til å skrive «Min salme» til neste nummer av Kyrkjeklokka.

Konfirmantar i 2021



Innvik

Bak f.v.: Emil Årdal Solbu, Mathias Skåden Hopland, Thomas Verlo Reme, Noah Alexander Jangård Hatlenes

Framme f.v.: Kateket Beate Nes, Angelica Jean Gumatay, Anastacia Magdal Grøsvik, Marte Nygård Haugen,

June Olin Frøholm, Prest Harald Runde

Fotograf: Geir-Ståle Vatnamo

Frå venstre: Trusopplærar Guro Petronella Nordnæs-Enerhaug, Hanne Louise Ulvedal, Elise Heimlid Øiestad, Tuva Fjellkårstad, Tarjei Tøfte Heimlid, Sander Sølvberg Teigen, Erling Roset, Eirik Ulvedal og sokneprest Hege Høibye Foto: Hege H. Ulvedal





Randabygd

Frå v.: Trusopplærar Guro Petronella Nordnæs-Enerhaug, Jonas Rand Hopland, Rasmus Norman Hellevang, Jekabs Toms Freimanis og sokneprest Hege Høibye.

Foto: Kaspars Freimanis





Oppstryn

Sokneråda i Stryn og Hornindal takkar for eit fint konfirmantår og ønskje alle lukke til vidare i livet.

Vi minner om nokre av dei bønene som vi las for kvar enkelt konfirmant:

Omgjev henne/han med di signing til eit liv med framtid og von.

Vara henne/han frå alt vondt og ver hennar/hans vaktar og hjelpar i dag og alle dagar.

Du som har byrja den gode gjerninga i henne/han, fullfør den, heilt til Jesu Kristi dag.



Nedstryn

Styrk henne/han ved din Heilage Ande, til eit liv i tru og teneste.

Ver med henne/han gjennom livet, og hald henne/han fast i din fred.

Lat henne/han få kjenna din nærliek og alltid følgja den vegen som fører til frelse.

Gjer henne/han trygg på at ingen ting kan skilja henne/han frå din kjærleik i Kristus Jesus.

1.rad f.v.: Isak Breidablik Opheim, Lone Øen Omberg, Fredrik Andre Sunde, Selma Eikenes Isehaug, Carl Strand Breidablik, Ida Sæbø, Chister Strand Breidablik, Sofia Fredlund

2.rad f.v.: Sara Kvamme Davidsdottir, Mia Louise Silden Andersen, John Martin Stoddern Mørk, sokneprest Hege Høibye, sokneprest Henny Koppen, kateket Beate Nes, Sverre Vonheim, Regine Kyrkjeeide Almenning, Marie Volland Skeistrand

3.rad f.v.: Oda Svarstad Hole, Thomas Lunde, Kjersti Fløtre Reed, Hanna Severine Haugen, Johan Skaare, Vilde Kristin Silden Vinsrygg, Anna Flo Kandal, Ulrik Høgalmen Tenden, Kristina Vik Myklebust

4.rad f.v.: Andreas Vik, John Anders Sørensen, Andrea Auлем Bjørke, Katrine Svarstad Hegdal, Jakob Osvold Sunde, Maria Bjørlo Sandbakk, Inger Hjelmeset, Amanda Gjøvåg Heggestad,

5.rad f.v.: Elias Langeset, Sokrates Ullebø Hool, Filip Roksvåg Leirgulen, Frei Flo Tonning, Sjur Dysthe Hillestad, Oliver Bjørkedal Eide

Foto: Ole Eltvik

Olden



3.rad f.v.: Mård Johannes Agjeld, Andreas Melheim, Nicklas Sunde Haugen

2.rad f.v.: Vilde Flo Larsen, Tiril Flo, Nuchnicha Phongsal, Rebekka Fredheim Urne

1.rad f.v.: Kateket Beate Nes, Elias Henden Drageset, Madelene Kristine Hansen Vanberg, Jacob Henningsen Gjerde,
sokneprest Harald Runde

Foto: Bjarte Haugen

3.rad f.v.: Ole Kristian Lødemel, Edvin Holmøy Østerbø, Elias Løvoll Øen, Hallvard Aarflot Skjåstad

2.rad f.v.: Even Svarstad Espe, Amalie Utvær Nesdal, Martine Espe Lødøen, Viktor Holmøy-Wang, Jonas Misund Haugen

1.rad f.v.: Sokneprest Per Kristian Hovden Sætre, Anna Synneva Homerset Skjåstad, Eline Gausemel, Malin Gausemel Kandal,
trusopplærar Wendi Sund Stråbø

Foto: Ma Ortiz

Hornindal og Bjørke



Loen



F.v.: Kateket Beate Nes,
Silas Gregersen Vik,
Emilie Vonheim, Birk Aga Hove,
Herman Fonn Grov, Olav Flølø
Herrevold, sokneprest Henny
Koppen

Foto: Roar Herrevold

Liturgisk hjørne ved Hege Høibye Gjer dette til minne om meg. Kroppen og minne i nattverden.



Eg skreiv litt generelt om anamnesen (dvs. påminning/ det å koma i hug) i haustens nummer av kyrkje-klokka (nr 3-2021). Det tyder ikkje at vi minnast noko som ikkje lengre er til stades, slik det å minnast gjerne tyder i daglegtalen, men at det vi kjem i hug er til stades, i notida der vi er samla. Eg sa litt om korleis gjennom det å fortelja kva Jesus gjorde – gjennom historiene vi fortel – vart hendingane verkelege her og no, for oss som høyrer og minnast: Forteljinga om korleis Gud frelsjer, gjev oss del i den same frelsa.

I nattverden er det ikkje berre orda vi seier som gjer at vi minnast. Nattverden er ikkje berre ord, det er også eit måltid der vi et og drikk, og der kroppane våre tek del. Vi reiser oss. Vi står. Vi kneler (av og til). Vi går frå plassane våre fram til alteret. Vi tar brødet, vi et og drikk. Vi smaker og luktar.

Våre hender rører Jesu kropp, og våre kroppar vart del i Hans kropp.

Kroppen kjem i hug. Vi veit det frå kvardagen; muskelminne hjelper oss til å gjere mange oppgåver utan at vi må tenkje over det. Men også skader vi har fått, hugsar kroppen: arr, stive og spente musklar, og

smerter som heng ved – og det gjeld skader på både kropp og sinn. Kroppen hugsar dei.

For nokon kan nattverden bringa opp minne om sår, og vera ein stad å finna lækjedom. Jesu kropp i nattverden er ein såra og sundbroten kropp; den krossfeste kroppen gjeven for vår skuld. Kvar gong vi feriar nattverd, forkynner vi saman – prest og kyrkjelyd – at Kristus døde, stod opp, og skal koma att.

Minnet til kroppen verker også i anamnesen: muskelminne, som for min eigen del gjer at eg vil knela kvar gong eg høyrer innstiftingsordet, for det gjorde eg kvar sundag i over ti år. Og sjølv om eg fann det rart og uvant dei første åra, so saknar eg det. For det vart ikkje berre ei vane, men ei påminning for meg; her er Gud sjølv til stades. Og eg skal få røra og kjenna og møte Gud. Jesu kropp skal verta eitt med min når eg et og drikk.

Heile påska skjer igjen, fortetta, i nattverden. Ikkje berre skjærtorsdag med det siste måltidet, men sviket, pinsla, dauden. Og oppstoda og den tomme grava. Våre hender blir som Thomas sine hender, og vi får røre Jesu krossfeste og oppstadne kropp.

Oddny under open himmel



Treklang

Tru, von og kjærleik er tre ord som vi kan kalle ein treklang. Det er tre ord som kan kjennast varme, gode og posetive. Dei kan brukast som ord mellom menneske, men dei har det aller rikaste og varmaste i seg når det gjeld forholdet vårt til Gud, eller Guds forhold til oss.

Desse orda kan vi ikkje skilje heilt. Dei høyrer i hop. Orda har kvart sitt symbol, tru -eit kors, von -eit anker og kjærleik -eit hjarte.

Du har sikkert sett dødsannonsar med desse tre symbola i lag, eller som eit smykke, eller eit smykke med berre eit av desse symbola.

I dette nummeret vil eg ta fram nokre tankar om tru, så får dei andre orda kome seinare.

I kvar gudsteneste er vi med og ber fram truved-kjenninga.

Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne son.

Eg trur på Den Heilage Ande.

Eg trur at Gud har skapt meg og alle skapningar. Mennesket er det fremste som Gud skapte og skapar. Ser du på eit menneskebarn, så er det vidunderleg, forunderleg og eineståande. Ingen er like, og vi er alle utrusta med ulike evner.

I Johannesevangeliet 3.16, også kalla Den Vesle Bibelen, står det: «**For så elsa Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.**» Eller som Peter skreiv i første brevet sitt: «**Målet for trua er frelse for sjelene.**» 1.Pet 1.9.

I brevet til hebrearane står der: «**Trua er pantet på det vi vonar, vissa om ting vi ikkje ser.**» Tomas tvilte då dei andre læresveinane fortalte at dei hadde sett han. Tomas ville sjå. Det fekk han.

Rådet var:

av Oddny Torheim

«Ver ikkje vantruande, men truande. Sæle er dei som ikkje ser og endå trur».

Tru, von og kjærleik er Guds gave. Ei gave kan du ta imot, eller du kan vrake ho. Det er sagt: Der er berre ein veg til Gud. Det er Jesus. Men der finst tusen vegar til Jesus.

Trua er den tome handa som tek imot tilgjeving og får kjenne fred og tryggleik. Trua skaper takksemd, og takksemd skaper tru.

Ein gong vart det sagt til Ludvik Hope, presten, diktaren og salmeforfattaren : «*Du må ha ei stor tru.*» «*Nei*», svarte Hope, «*men eg har ein stor Jesus.*»

Eg har lese om ei kvinne som kom til Sjømannskyrkja sitt hovudkontor i Bergen. Ho hadde med seg ei lita dotter og ein brun konvoltt som ho leverte. I den låg ein pengesum og eit handskrive brev.

Kvinna og mannen hennar hadde flytta til ein by i utlandet. Der vart Sjømannskyrkja deira andre heim. No ville dei gje uttrykk for takksemda si. Takka var formulert som ei helsing frå barnet i vogna. «Takk for at de første mamma og pappa til Jesus, slik at eg får vekse opp i ein krisen heim!»

Profeten Hosea skreiv lenge før Jesus vart fødd. «**Lat oss lære å kjenne Herren, ja, jage etter å kjenne han.**»

Tankane samla i nokre få setningar:

Tru vert skapt i møte med Jesus.

Tru er gratis, alt av nåde.

Tru er ikkje prestasjon, men tillit.

Trua må ha næring.

Du må sjølv velje.

«Kvar den som trur på han, skal ha evig liv.»

Joh. 3.15

Shaftu har mot og ein visjon!

Henta frå NMS sin «Etiopia-blogg» Tekst og foto: Klaus-Christian Küspert

Olden sokn støttar dette i sitt misjonsprosjekt



Blant jenter, spesielt fra minoritettsgrupper, er høyere utdanning fortsatt svært sjeldent. Men det finnes unntak, og for Mao-prosjektet er det et spesielt fokus å støtte flinke jenter

I landsbyene i sumpene langs Dabus-elva er det ikke mange mennesker med skoleutdanning, få av dem er Mao, den opprinnelige befolkningen i området, og så godt som ingen er Mao-jenter.

– Som Mao-jente har du praktisk talt ingen sjanse til noen utdannelse. Du er bestemt til å gifte deg tidlig og få mange barn.

Shaftu (18) sier disse ordene lavt, men bestemt, og ser ned i fanget. Hun tok et modig valg selv. Da hun var ferdig med siste klasse (6. klasse) på folkeskolen i hjembygda Bishawo Dabus i fjor høst, flyttet hun til byen, til Asosa, sammen med sin yngre søster. Dette var mulig ved hjelp av et lite stipend på 55 kroner i måneden fra Mao-prosjektet, som NMS driver i samarbeid med SIL Etiopia. Slike små stipend gir talentfulle Mao-elever muligheten til å fullføre minst 10. klasse, og det å støtte utdanningen til jenter er et spesielt mål for prosjektet.

Det har ikke vært lett for Shaftu å forlate foreldre og søskjen i landsbyen ved Dabus-elva, men familien oppmuntret henne til å ta dette skrittet. Medarbeiderne i Mao-prosjektet, Olana, K'asim og andre ble mennesker som gir henne hjelpe og trygghet i Asosa. Hun kan til og med snakke morsmålet sitt, Mao Hozo, med dem.

Til tross for dette var det en stor og smertefull overgang fra landsbyen til byen som er en lang dagsreise unna. Bishawo Dabus ligger i Oromia, der det eneste offisielle språket er Oromo, mens undervisningen i Asosa holdes på amharisk, et språk som Shaftu nå, etter

seks måneder, bare forstår tålelig, men ennå ikke kan skrive ordentlig.

Shaftu sier hun står ved valget om å offre alt for utdannelsen. Når jeg spør henne hva hun mener med «å offre alt», nevner hun først adskillelsen av familie og landsby. Men så legger hun raskt til – på Mao Hozo:

– Mao-jenter er på det laveste trinnet i samfunnet. Vi hører mange stygge ord her i byen, og er hele tiden redd for at noe vondt skal skje.

Likevel angrer ikke Shaftu på å ha tatt skrittet. Hun vil helt sikkert gå til 12. klasse og om mulig studere teologi og bli prest! Faren hennes, som er medlem i menighetsrådet i den lokale Mekane Yesus-kirken og har donert en tomt for å bygge en kirke, oppmuntret henne til å gjøre dette, og hun har som visjon å gjøre noe viktig for folket sitt.

– Gud er med meg og han vil hjelpe meg og vise meg den rette veien, avslutter Shaftu samtalen.

K'asim og Olana til venstre og høyre for Shaftu. De kommer fra samme område, snakker samme språk og støtter hverandre. Olana koordinerer stipendprogrammet for SIL



Kva «Visitasmeldinga» fortel - kortversjon av Jarle Hessevik

Kvar kyrkjelyd presenterer seg med sine aktivitetar og har sine vurderingar av stoda i eigen kyrkjelyd. Ein del er felles for fleire, eller alle, kyrkjelydane. Døme på dette er trusopplæringa (også konfirmantarbeidet), felles gudstenester og felles ansvar for misjonsprosjekt.

Ein konstaterer at gudstenester med særlege hendingar og gudsteneste andre stader enn i kyrkja (t.d. friluftsgudstenester) har god oppslutninga, medan deltaking i «vanlege» gudstenester har vore dalande.

Kyrkjeleg undervisning

Trusopplæringa har stått sterkt i Stryn i mange år. Det at ein har hatt stabile kateketetar over mange år har vore viktig for dette arbeidet. Med trusopplæringsreforma kom også midlar til å tilsette fleire til å drive med kyrkjeleg undervisning, og trusopplæringsplanen vart utvida med fleire tiltak. Planen, slik den er i dag vart godkjend i 2015.

I dag har kateket, kyrkjelydspedagog og trusopplæringsmedarbeidar hovudansvar for dette i godt samarbeid med øvrig stab, og dei frivillige. Det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet er det i stor grad dei frivillige organisasjonane som driv.

Informasjonen om den eine av desse leirane (for 16+) når så vidt ut med dette bladet.

Kontinuerleg barne og ungdomsarbeid.

Det blir drive godt barne- og ungdomsarbeid av dei frivillige i bygdene våre.

Vi nemner: Nordsida barnegospel, Utvik barnekor, Olden Barnekor, Olden Soul Children, Stryn barnekor, Ten Sing, (medlemmer frå Loen, Nedstryn og Nordsida), Amigosklubben i Utvik, søndagskulen (grupper i Oppstryn, Innvik og Nordsida), KFUK-KFUM speidar (medlemmer frå Nedstryn, Oppstryn og Nordsida).

Samhandling mellom trusopplæringa og det frivillige arbeidet

Det vert vist til eit flott arbeid gjennom trusopplæringa. Likevel viser det seg at utan det kontinuerlege arbeidet når trusopplæringa ikkje særleg langt. Leiarar i barnearbeidet marknadsfører tiltaka og tek med seg borna til kyrkja. Det er overvekt av born i det kontinuerlege arbeidet som deltek i trusopplæringstiltaka.

Barnehage- og skulesamarbeid

Kyrkja opplever å ha eit godt forhold til skulane og barnehagane i kommunen. Det faste samarbeidet er særleg knytt til jul og påske. I tillegg er det ulike besøk i kyrkja og på kyrkjegarden når skulen ynskjer det. Kateketen har fast planleggingsmøte med barnehagane i Stryn sentrum 2 ganger i året, og ein trur dette kan utviklast vidare.

Konfirmasjonsopplegget

Kyrkja i Stryn tenkjer stort om kor viktig konfirmanttida er, og ein når vi svært breitt ut med konfirmasjonstilbodet. Nesten alle døypte vert konfirmerte.

Kateketen har hovudansvar for konfirmantopplegget, i nært samarbeid med dei tre prestane, kyrkjelydspedagog og trusopplæringsmedarbeidar. Konfirmantane har 4 ulike val for konfirmanttida:

- Undervisning rett etter skulen i Betania og Solvang
- Friluft/Speidar-konfirmantar i speidargapahuken
- Musikkonfirmantar i samarbeid med Ten Sing/Soul children
- Kreativ konfirmant

Organisasjonane sitt vaksenarbeid

Her er det store variasjonar mellom kyrkjelydane. I dei sokna der Normisjon er aktive er det større grad av tradisjonelle bedehusmøte, bibeltimar, bønemøte og temasamlingar. Likevel må ein seie at det er lite som skjer på denne fronten.

Misjon

Alle kyrkjelydane støttar NMS sine sør - sør - prosjekt i Mali og Etiopia. Nordsida kyrkjelyd støttar også eit prosjekt i Bolivia, som dei har eit nært forhold til.

Aktiviteten i misjonsforeiningar gått tilbake. Nokre få kvinneforeiningar finst enno, men gjennomsnittsalderen stig. I Nedstry er der ei stor og svært aktiv foreining for sjømannskyrkja.

Informasjonsarbeid

Kyrkjelydane samarbeider om kyrkjebladet «Kyrke - klokka». Loen, Oppstry og Nedstry samarbeider om ein kalender, med gudstenesteliste.

Nettressursar: Fellesrådet si heimeside, kvart sokn har si Facebookside og Kyrkja i Indre Nordfjord har ei eiga side på Facebook. Kyrkja er også aktiv på Instagram og Tic Toc, administrert av kateketen. Kyrkja nyttar også lokalavisa Fjordingen flittig, både til annonser, førehandsomtale og reportasjar. Radio Stryn har fatta interesse for nettgudstenestene vi har laga siste året.

Å satse på personlege invitasjonen er ein god strategi for å nå vidare ut.

Fellesrådsøkonomi og forvaltning

Fellesrådet ved kyrkjeverja har ei godt samarbeid med Stryn kommune, ein god tenesteytingsavtale gjer at det er kontinuerleg kontakt med økonomi- og HR-avdeling. Også hovudadministrasjonen og andre tenester som plan og teknisk er lett tilgjengelege når det er trong for det. Fellesrådet får utført sine tenester innan økonomi, rekneskap og løn gjennom kommunen, og har siste åra hatt ein føreseileg økonomi på driftssida.

Å sikre kontinuerleg vedlikehald av kyrkjebygga, er ei utfordring. Kommunestyret har i løpet av dei siste tre åra løvt ekstra midlar for å fullfinansiere to store vedlikehaldsprosjekt som har vore heilt nødvendige å gjennomføre.

Etter kommunereforma har økonomigrunnlaget for trusopplæringa blitt endra og fellesrådet har måttा sjå på plan, ressursar og personalkostnader.

Vegen framover. Strategiar og mål.

Nordsida og Randabygd

Soknerådet ser at under pandemien er det ein del av arbeidet som har blitt utsett og aldersgrupper som ikkje har fått det tilbodet dei elles ville fått, mellom

framh. neste s.



**Kan du hjelpe eit barn
eller ein ungdom som har
det vanskeleg?**

No er det behov for fleire fosterheimar i ditt nærområde. Den norske kyrkje samarbeidar med Fosterheimstenesta i Sogn og Fjordane om å finne fosterheimar i menighetene.

Meir informasjon om fosterheim på

fosterheim.no

Illustrasjonsfoto

andre dei som vart døypt for eitt eller to år sidan. Desse vil vi gjerne få samla når det er mogleg.

Arbeidet for barnefamiliane er det området soknerådet gjerne vil satse på vidare, både ved å støtte opp under det arbeidet som alt blir gjort, men også ha familiessamlingar. Desse familiane ser vi som dei viktigaste å nå ut til for å fortsett kunne samla mange til gudstenester.

Soknerådet ser også at ungdomsarbeidet treng å byggast opp. Slik det er no, har vi lite tilbod etter konfirmanttida, og det går ut over rekrutteringa.

Utvik, Innnvik og Olden

Det er mykje godt frivillig arbeid som vert gjort i sokna. Men det er få trufaste kyrkjegjengarar som går til gudstenestene. Det må vere vår bøn, å be hausten sin Herre om å kalle menneske til gudsteneste. Vi må stille oss på lag med Herren for at det kan verte oppfylt. Vi burde utfordre folk, snakke med dei, og spørje om dei kan tenke seg å vere med å vere kyrkevertar. Det er det lettaste å kunne seie ja til. Å spørje folk om å vere tekstlesarar, vere med å delta i kyrkjebøna og vere medliturgar, er ikkje så lett å få respons på.

Oppstryn, Nedstryn og Loen

Alle desse kyrkjelydane er opptekne av barnearbeidet, barnekor eller søndagsskule, og alle er opptekne av å inkludere desse i gudstenestene. Ein ser at dette fører med seg større oppslutning av dei vaksne kring borna. I Nedstryn har ein tenkt mykje kring ungdomsarbeidet. Ein ynskjer å støtte Ten Sing, og ein har jobba med å etablere ein klubb for uorganisert ungdom. Soknerådet har fått augo opp for bedehuset Betania og var i gong med å legge planer for eit ungdomstiltak ein gong i veka, etter modell frå Eid og Gloppe. Klubben hamna til slutt på Triangelen, eit ungdomslokale heile bygda står bak, og den er eit samarbeidstiltak mellom KFUK-KFUM og soknerådet. Kyrkjelydane har vore med på eit toårs-prosjekt som har til hensikt å styrke ungdomsarbeidet for dei over konfirmantalder, og ser fram til eit for fjorårskonfirmantar, inspirert av KFUK-KFUM sitt MILK-kurs. Nedstryn har også planlagt eit Alfa-kurs, eller eit trusopplæringstiltak for ungdom og vaksne, som vil bli sett i verk så snart det er tilrådeleg.

Nedstryn sokn har ei utfordring ved at kyrkja ligg så langt utanfor sentrum. Draumen er å få sitt eige hus i sentrum, alternativt å bruke Betania mest mulig. Her har vore arrangert gudstenester i romjula, og det lar seg fint gjere.

Fjordferd BEGRAVELSESBYRÅ STRYN • VOLDA • STAD

Alltid til teneste ved dødsfall og gravferd



Sjå heimesida vår for prisar
www.fjordferd.no

Tlf. 458 50 300

- Vi er her for deg når du treng oss -
Siv-Carina Vikestad - Silje Svarstad

Gravminne

Namne-
tilføyinger

Oppfrisking



EIDE STEIN AS

www.eidestein.no

712 99 250



- i samarbeid med Fjordferd Begravelsesbyrå

Julaftan 2021 i Innvik kyrkje

Trass i påmelding til kyrkjekontoret og korona-restriksjonar, kom det faktisk 50 personar til gudstenesta julaftan. 50 var det magiske talet. Men vi måtte plassere oss på annakvar benk og ikkje sitje alt for nær naboen.

Når kyrkja ynskjer velkommen til julaftangudstenesta og organisten spelar juletonar, ja, då gløymer vi koronaen. No er det jull! Kyrkja var fint pynta med flott juletre, julekrybba med Jesusbarnet og Betlehemsstjerna, blomar og ljos. Prest Harald Runde gav oss ei levande og ekte innleiving i juleevangeliet. Det er ein sterk tradisjon at ein kvar julaftan får høyre juleevangeliet opplese i kyrkja. Like sterke tradisjon er det når ein til slutt får vere med å synge alle tre versa av «Deilig er jorden». Denne julesongen gir framtid og håp.

Når sant skal seiast, var det litt trist og vemodig at denne julaftangudstenesta var Harald si aller siste julaftan som prest i Innvik kyrkje. Til sumaren blir han pensjonist. Fyrste julaftan i Innvik hadde han i 1990.

Midt under gudstenesta fekk vi høyre flotte juletonar frå to av barnebarna til Harald. Dei vart akkompagnert av pappaen sin på piano – til stor applaus frå publikum.

Geir Ståle Vatnamo



Per Kristian Sporsheim, Rebekka og Sara



Hjelmeland
BEGRAVELSESBYRÅ
Ditt byrå i Nordfjord sidan 1978

**Vi er her når du treng oss som mest,
og hjelper deg med å lage ei personleg,
fin og verdig gravferd.**

Slik som du ynskjer.

Tlf. 905 50 905

Sjå vår nye heimeside: www.hjelmeland.as

Kyrkjeleg statistikk for 2021

	Olden m/Ljosh.		Innvik		Utvik		Sum	
	2020	2021	2020	2021	2020	2021	2020	2021
Døypte	6	4	3	3	5	3	14	10
Døypte, bur i soknet	1	0	2	2	2	3	5	5
Konfirmerte	9	10	3	8	4	0	16	18
Vigde	2	3	3	0	1	1	6	4
Gravferder	8	5	7	7	4	8	19	20
Gudstenester	25	19	14	16	13	15	52	50
Deltakarar ved gudstenester	1033	926	524	674	479	466	2036	2066
Nattverdsgjester	272	111	121	117	135	66	528	294
Takkoffer/kollekt	39787	31014	20502	33703	43772	29872	104061	94589
Fasteaksjonen	18823	6619	9399	4489	10665	2856	39497	13964
Oppstryn								
	2020	2021	2020	2021	2020	2021	2020	2021
Døypte	13	10	15	10	14	12	42	32
Konfirmerte	7	2	39	36	5	6	51	44
Vigde	2	2	4	3	4	8	10	13
Gravferder	4	1	13	18	8	5	25	24
Gudstenester	23	22	47	47	21	19	91	88
Deltakarar ved gudstenester	870	672	2444	2782	764	568	4078	4022
Gudstenester med nattverd	8	8	19	20	6	9	33	37
Nattverdsgjester	116	86	458	444	74	131	648	661
Offer/kollekt	16400	14395	78894	66314	32501	23763	127795	104472
Nordsida								
	2020	2021	2020	2021	2020	2021	2020	2021
Døypte	2	4	1	4	3	8	13	16
Konfirmerte	6	7	4	3	10	10	12	13
Vigde	1	0	4	1	5	1	2	1
Gravferder	6	7	1	1	7	8	12	16
Gudstenester	16	22	8	11	24	33	24	19
Deltakarar ved gudstenester	756	1007	211	401	967	1408	1908	930
Gudstenester med nattverd	7	9	1	5	8	14	12	5
Nattverdsgjester	144	179	16	34	160	213	400	77
Offer/kollekt	37435	40957	4220	6500	41655	47457	42617	22976

NMS Gjenbruk,
eit skattekammer for deg
som elskar gjenbruk –
og kloden vår!



Eidsgata 5,
6770 Nordfjordeid
Telefon 404 45 420

Måndag–laurdag 11-15
Torsdag 11-16.30



nmmsgjenbruk.no




BARNAS

Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare.

Kva skjuler seg her?



Finn fem feil!

Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under? Teikning: Kari Sortland



– Eg vil kjøpe ein hatt.
– Veit du kva storlek du brukar?
– Nei, men eg tok med hovudet for tryggleiken si skuld.

Vitsar

Ein mann kom inn på ein bensinstasjon og spurde dama bak disken:
– Har du ein sånn bustete og morosam liten figur som eg kan henge på spegelen inni bilen?

Dama ropa til mannen sin som var i verkstaden:
– Lars, det er nokon her som vil kjøpe deg!

Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgavene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00





Vi les Bibelen saman!

Bibelen er ein skatt!

Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen presenterer Kyrkjeklokka nokre av dei kjende bibelhistoriene. Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.

Dei trudde han var med i følgjet

ved Beate Nes

Kwart år fór Jesu og foreldra frå Nasaret til Jerusalem for å feire påske. Dei reiste saman med familie og vene, folk frå heile landet drog til Jerusalem for å ofre, synge songar, tilbe Gud og feire påske.

Då Jesus var tolv år, drog dei som vanleg dit opp til høgtida. Men då høgtidsdagane var til ende og dei skulle fara heim, vart Jesus verande att i Jerusalem, og foreldra hans la ikkje merke til det før på kvelden, då dei skulle slå leir. Dei hadde trudd han var med i følgjet, men då dei tok til å leita etter han mellom slektingar og kjenningar fann dei han ikkje.

Sidan dei ikkje fann han, vart dei urolege, og dei fór attende til Jerusalem og leita etter han der. Men først etter tre dagar fann dei han. Han var framleis i tempelet. Der sat han midt blant lærarane og lytta til dei og stilte spørsmål. Og alle som høyrd på han, undra seg over kor klok han var og kor godt han svara. «korleis kan denne tolvåringen vita så mykje om Gud» sa dei. «Det burde vera vi som lærte han!»

Josef og Maria vart både redde og overraska då dei fann han der. «Kvífor har du gjort dette mot oss, barnet mitt? Far din og eg har leita etter deg og vore så redde.» Men han svara: «Kvífor leita de etter meg? Visste de ikkje at eg må vera i huset åt Far min?»

Men dei skjøna ikkje kva han meinte med dette. Men Maria gøynde alt dette i hjartet sitt. Jesus vart med dei heim til Nasaret. Og Jesus gjekk fram i alder og visdom og var til glede for Gud og menneske.

Gjenfortelling av Lukas 2, 41-52

Spørsmål til samtale:

- * Har du nokon gong opplevd å «bli borte»? Korleis opplevast det for deg som er barn? Korleis er det for den vaksne å oppleve at barnet er borte?
- * Korleis trur de Jesus var som barn?

Karneval

Den årlege «karnevalsgudstenesta» i Nordsida kyrkje har gått av stabelen.

Også dette året vart kreativiteten utfordra, og her ser vi ein klovn og ein brannmann som får med seg eit Jesus-bilde dei kan ha på veggen.

Foto: Ingvild Sætren





www.supercoloring.com/nb/tegninger-til-fargelegging/jesus-som-gutt-i-tempelet-lukas-240-52-1?version=print

Beate kateket lagar påskelandskap



Om du treng meir inspirasjon, kan du google «*easter garden*», då får du opp eit uttal inspirerande bilete av kreative påskehagar med palmar, kross og grav.


Her kan du velje mellom barnevennlege lego-variantar og estetiske blomedekorasjonar.

Lat påskelandskapet stå framme, og bruk landskapet til å markere hendingane i påskeveka, dag for dag.

*Her er påskelandskapet som Beate kateket laga. Ho har brukt ei hermetikkboks som grav.
Foto: Beate Nes*



Slekt
skal følge
slekters
gang




Frå kyrkjebøkene (24.10. - 27.02.)

Innvik - Utvik - Olden - Hornindal - Randabygd - Nordsida - Nedstryn - Loen - Oppstryn

Loen	Nedstryn	Hornindal
Døypte: 20.02. Sigrid Rønnestad Bødal. Foreldre: Marte Rønnestad og Frank Willie Bødal	Døypte: 28.11. Maiken Sønsterudbråten Fenstad. Foreldre: Hanna Sønsterudbråten og Steffen Fenstad	Døypte: 21.11. Sophia Gloria Brendefur. Foreldre: Crystal Rose Lloyd og Rasmus Einar Brendefur
Vigde: 05.02. Mari Sørensen Hagen og Lars Støttum	30.01. Hallvard Rørtveit. Foreldre: Haldis og Bjørn Magnus Rørtveit	21.11. Ellinor Frøysa Kalvatn. Foreldre: Britt Elin Brendefur Frøysa og Sivert Kalvatn
Døde: 03.11. Kjell Haugen f. 1955 04.11. Eline Sigrid Rake f. 1936 15.11. Sverre Rake f. 1930	27.02. Emma Nordnes Bergset. Foreldre: Hilde Nordnes og Endre Bergset	21.11. Ellinor Romsøe Kongsjord. Foreldre: Cathrine Kongsjord og Pål Kristian Romsøe 06.02. Markus Fagerheim. Foreldre: Anette Therese Haugen og Øystein Fagerheim
Olden	Vigde: 22.02. Johanne Melkevoll og Frank Alexander Bjennmyr 22.02. Linda Beate Skoglund og Dan Henning Bø	Vigde: 31.12. Karina Haugen og Trygve Sætren Bøe
Døypte: 20.02. Marie Skarstein Moen. Foreldre: Helga Skarstein og Birger Moen	Døde: 28.10. Hans Sigmund Kirkeeide f. 1942	Døde: 29.11. Ruth Raftevold f. 1939
Døde: 13.01. Jofinn Sunde f. 1936	20.11. Asbjørn Sunde f. 1936 27.11. Karsten Johannes Godø f. 1934 04.12. Asbjørg Kirkeeide f. 1928 04.01. Agnes Margrete Os Blaalid f. 1932 16.01. Margot Moldestad f. 1934 24.01. Gudrun Skår f. 1928	10.12. Erling Olav Krøken f. 1938 16.12. Per Lars Lødøen f. 1932 02.01. Lars Brendefur f. 1927 22.01. Birgit Pauline Mikalsen f. 1925 08.02. Magnhild Kirkhorn Rødvik f. 1939
Oppstryn	Utvik	Randabygd
Døypte: 24.10. Fredrik Nesje Grov. Foreldre: Kristine Nesje og Thomas Bjerkenås Grov	Døde: 26.10. Ruth Fonn f. 1936 09.11. Bjarte Magne Valaker f. 1941	Døypte: 24.12. Loke Bjarne Hopland. Foreldre: Hannah Jade og Stig Arve Hopland
Døde: 22.01. Konrad Keilen Erdal. Foreldre: Ragnhild Keilen og Bjørn Tore Erdal	Innvik	Døde: 12.02. Reidar Nesdal f. 1956
Døde: 22.01. Tyra Guddal Frøysedal. Foreldre: Mari Taraldsen Guddal og Lars Petter Frøysedal	Døde: 14.12. Odd Skåden f. 1950	
Nordsida		
Døypte: 13.02. Ingrid Fjellkårstad. Foreldre: Isabell Molnes og Stian Fjellkårstad		





Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar, nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avisas "Fjordingen".

Sjå også heimesida: stryn.kyrkja.no og på Facebook: [Kyrkja i Indre Nordfjord](#)

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i ei av dei andre kyrkjene.

20. mars; 3. s i fastetida

- Luk 22, 28-34
- **Loen 11:00** Gudsteneste
- **Utvik 11:00** Gudsteneste

27. mars; Maria Bodskapsdag

- Luk 1, 39-45
- **Solvang bedehus, Olden 13:00**
Gudsteneste.
Årsmøte etter gudstenesta
- **Nedstryn 20:00** Salmekveld

03. april; 4. s i fastetida

- Joh 6, 24-36
- **Hornindal 11:00** Gudsteneste.
Årsmøte etter gudstenesta

05. april; tysdag

- **Nedstryn 09:00** Morgonmesse

09. april; laurdag

- **Nedstryn 11:00** Dåpsgudsteneste

10. april; Palmesøndag – Joh 12, 1-3

- **Loen 11:00** Gudsteneste
- **Utvik 11:00** Gudsteneste.
Utvik barnekor deltek
- **Ljosheim kapell 19:30** Gudsteneste
- **Innvik 11:00** Gudsteneste
- **Bøasætra, Nedstryn 12:00**
Friluftsgudsteneste
- **Bruasætra, Hornindal 12:00**
Friluftsgudsteneste
- **Nordsida 19:00** Kveldsgudsteneste
- **Oppstryn 20:00** Kveldsgudsteneste

15. april; Langfredag

- Joh 18, 1-19,42
- **Nedstryn 11:00** Pasjonsgudsteneste
- **Olden 20:00** Pasjonsgudsteneste
- **Nedstryn 13:00** Gudsteneste med dåp

17. april; Påskedag – Joh 20, 1-10

- **Nedstryn 11:00**
Høgtidsgudsteneste. Påskefest
- **Olden 11:00** Høgtidsgudsteneste
- **Nordsida 11:00**
Høgtidsgudsteneste

- Hornindal 11:00

Høgtidsgudsteneste

- Oppstryn 13:00

Høgtidsgudsteneste. Påskefest

- Randabygd 13:00

Høgtidsgudsteneste

18. april; 2. påskedag

- Joh 20, 11-18
- **Loen 18:00** Salmekveld

28. april; torsdag

- **Stryn kulturhus 18:00**
Samtalegudsteneste

01. mai; 3. s i påsketida

- Mark 6, 30-44
- **Sagedammen 11:00**
Visitasgudsteneste

03. mai; tysdag

- **Nedstryn 09:00** Morgonmesse

07. mai; laurdag

- **Nedstryn 11:00** Konfirmasjon
- **Utvik 11:00** Konfirmasjon
- **Nedstryn 13:00** Konfirmasjon

08. mai; 4. s i påsketida

- Joh 14, 1-11
- **Oppstryn 11:00** Konfirmasjon
- **Hornindal 11:00** Gudsteneste
- **Loen 11:00** Konfirmasjon
- **Innvik 11:00** Konfirmasjon
- **Randabygd 11:00** Konfirmasjon

15. mai; 5. s i påsketida

- Joh 17, 6-11
- **Nedstryn 11:00** Konfirmasjon
- **Olden 11:00** Konfirmasjon
- **Nordsida 11:00** Konfirmasjon

17. mai; Grunnlovsdagen

- **Nedstryn 09:30** Festgudsteneste
- **Nordsida 10:30** Festgudsteneste
- **Olden gamle kyrkje 11:00**
Iek gudsteneste
- **Oppstryn 11:00** Festgudsteneste
- **Innvik 11:30** Festgudsteneste
- **Randabygd 12:00** Festgudsteneste
- **Hornindal 12:00** Festgudsteneste

- Loen 13:00

Festgudsteneste

26. mai; Kristi himmelfartsdag

- Joh 17, 1-5
- **Nedstryn 11:00** Gudsteneste

29. mai; søndag før pinse

- Joh 16, 12-15
- **Loen 11:00** Gudsteneste
- **Ljosheim kapell 11:00** Gudsteneste
- **05. juni; Pinsedag** – Joh 14, 23-29
- **Nedstryn 11:00** Høgtidsgudsteneste
- **Olden 11:00** Høgtidsgudsteneste
- **Hornindal 11:00** Høgtidsgudsteneste
- **Oppstryn 13:00** Høgtidsgudsteneste
Konfirmantjubileum

06. juni; 2. pinsedag – Joh 7, 37-39

- **Bergsetnausta, Nordsida 12:00**
Naustmesse

07. juni; tysdag

- **Nedstryn 09:00** Morgonmesse

12. juni; Treeiningsdag

- Luk 24, 45-48
- **Nedstryn 11:00** Gudsteneste
- **Sundshaugen, Olden 14:00**
Friluftsgudsteneste

19. juni; 2. s i treeiningstida

- Joh 3, 1-13
- **Loen 11:00** Gudsteneste
- **Kvalen, Randabygd 13:00**
Friluftsgudsteneste
- **Prestestøylen, Innvik 14:00**
Friluftsgudsteneste

26. juni; 3. s i treeiningstida

- Mark 10, 13-16
- **Nordsida 11:00** Gudsteneste
- **Hornindal 11:00** Gudsteneste
- **Erdalsetra, Oppstryn 12:00**
Friluftsgudsteneste
- **Utvikfjellet 14:00** Stølsmesse. Ved Harald Runde (stad ikkje bestemt)
- **Olden 18:00** Salmekveld.
Ved Harald Runde. (siste tenestedag for Harald)



Informasjon/ Fulldistribusjon

Returadresse: Rindane 6, 6788 Olden

Bispevisitas i Stryn 27.04. - 1.05.



Foto: Pressefoto, Bjørgvin bispedømme

Biskop i Bjørgvin, Halvor Nordhaug, kjem til Stryn i månads-skiftet april-mai.

Vi vil særleg peike på samtalegudstenesta i Kulturhuset 27.04. og sjølvsgart visitasgudstenesta og det som skjer søndag 1.mai. Alle er velkomne til ei stor og flott samling ved Sagedammen på Ulvedal.

Onsdag 27.

- 1130: Gudsteneste for staben - Nordsida Kyrkje
- 1230: Biskopen møter staben - Nordsida kyrkje
- 1800: Samtalegudsteneste med konfirmantane - Stryn kulturhus
- 2000: Fest for frivillige - Stryn kulturhus

Torsdag 28.

- 0900: Morgonandakt i Nedstryn kyrkje
- 0940: Konvent med prestane og kateketen
- 1445: Møte med Stryn kommune
- 1800: Møte med soknerådsleiarane - Stryn Hotell
- 1830: Møte med sokneråda - Stryn Hotell

Fredag 29.

- 0900: Skulegudsteneste i Olden
- 1130: Besøk og lunsj på Stryn Arbeidssenter
- 1330: Skule-kyrkje samarbeid (Bombeneset)
- 1500: Afternoon tea på Gamlebutikken på Hjelle.

Søndag 1.

- 1015: Visitasforedrag ved Sagedammen
- 1100: Visitasgudsteneste ved Sagedammen.
- 1200: Kyrkjekaffi og grilling
- 1230: Aktivitetar for born

Biskopen skal også ha samtale med kvar enkelt av prestane, kateketen og kyrkjeverja i løpet av visitasen.



Sagedammen. Foto: Ottar Ulvedal

Neste nummer får du i posten rundt 30.06. Redaktør vert: Knut Sigurd Gald

Vi tek svært gjerne imot stoff på e-post til: knut.gald@enivest.net innan 27.05.